



Arkivnr: 2014/13889-149

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		24.09.2019

**Kandidatar til trafikksikringsprisen 2019****Samandrag**

I budsjettet for 2019 er det sett av 25.000 kr til ein trafikksikringspris som eit trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Prisen vart fyrste gong delt ut i 2014. Fylkesadministrasjonen har invitert alle kommunar i Hordaland til å nominere kandidatar til prisen.

Føremålet med ein slik pris er å *gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket*. Intensjonen er å på ein god måte synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at *prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats*.

Tre kandidatar er foreslått til å få trafikksikringsprisen i 2019. Kandidatane er

- Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) Nordhordland for lang og kontinuerlig innsats innan trafikksikring i Nordhordland.
- FAU Undarheim skule 2018/2019 som har engasjert seg og teke initiativ til forbeteringar i trafikksikringstiltak kring skulen
- Bringedalsbygda barnehage som dei siste åra har hatt ei satsing på trafikksikring og sett alt trafikksikringsarbeidet i system med ansvar i alle ledd

**Økonomi:** I budsjettet for 2019 er det sett av 25.000 kr til ein trafikksikringspris som eit trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

**Klima:** Betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føre til at fleire vel å gå og sykle, i staden for å kjøre bil.

**Folkehelse:** Trafikksikringsprisen skal vere med å stimulere til medverknad i trafikktryggleiken, og kan på sikt betre folkehelsa gjennom betre trafikksikring

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikksikring er viktig for å utvikle attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurranseskrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) tildeler Trafikksikringsprisen 2019 til

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 10.07.2019

I budsjettet for 2019 er det sett av 25.000 kr til ein trafikksikringspris som eit trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Prisen vart fyrste gong delt ut i 2014. Flykesadministrasjonen har invitert alle kommunar i Hordaland til å nominere kandidatar til prisen.

Føremålet med ein slik pris er å *gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket*. Intensjonen er å på ein god måte synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at *prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats*.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har, eller har gjort, trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å få tildelt prisen.

Det vart sendt ut brev til alle kommunane i Hordaland der dei blei bedne om å nominere kandidatar til trafikksikringsprisen. Vi er komne lagt i arbeidet med å nå nullvisjonen, men det er framleis eit stykke å gå. For å nå så mange som mogleg er vi heilt avhengige av eldsjeler som tek ansvar.

Tre gode kandidatar blir presentert i tabellen under

Tabell:	Kandidat	Grunngjeving	Forslagsstillar
1	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) Nordhordland	Frivillig organisasjon i Nordhordland som har eit spesielt fokus på unge trafikantar. Skaper med sitt arbeid eit stort engasjement rundt det haldningsskapande trafikksikringsarbeid i regionen. Dei arrangerer kvart år ein trafikksikringsdag for russebarna i regionen, dei har ulike aksjonar og deler ut informasjon og effektar, mellom anna på helsestasjon og ved hjelp av positiv trafikkaksjon.	Trygg Trafikk (Har tidlegare blitt nominert av blålysetatane i Nordhordland)
2	FAU Undarheim skule 2018/2019	FAU har engasjert seg og teke initiativ til forbetringar i trafikksikringstiltak kring skulen. Dei har delteke på synfaring saman med representantar frå politi, vegvesen, kommunen, skulen etc. og lagt press på kommunen for utbetringar.	Leiar i FAU ved Undarheim skule, Øystein Slåke
3	Bringedalsbygda barnehage	Barnehagen har dei siste åra hatt stort fokus på trafikkopplæring for våre barn. Kvar veke er det samling om trafikk, dei er medlem av barnas trafikkklubb, snakkar om skilt dei ser når dei er på tur, har refleksjakt og sykkeldagar. Ansvaret er tydelig fordelt blant personalet, to ansvarlige skal halde seg oppdatert på informasjon og halde eventuell ekstern kontakt. Trafikksikkerheit er tema på foreldremøte, der dei snakkar om foreldra sitt ansvar på vegen utfor barnehagen.	Einingsleiar Bringedalsbygda barnehage, Solveig Vik